



Notat

Dato

LEIKANGER, 16.12.2016

Til: Fylkesutvalet, møte 25. januar 2017
Frå: Fylkesrådmannen
Kopi: Hovudutval for næring og kultur (møte 31. januar 2017)

Notat: NORA- Nordisk Atlanterhavssamarbeid

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram og er finansiert av Nordisk Ministerråd og dei deltagande regionar. NORA-regionen består av landa Island, Færøyane, Grønland og Kyst-Norge.

NORA skal bidra til vekst i regionen m.a. gjennom å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av landegrensene.

Organisering av NORA

NORA har fast hovudsekretariat på Færøyene. I dei andre NORA-regionane er det etablert kontaktpersoner (Grønland, Island, Vest-Norge og Nord-Norge). NORA vert styrt gjennom ein komité. Denne består av 12 medlemmer; tre representantar frå kvart land. Frå Norge stiller Lisbeth Nylund frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Eirik Fiva for Nord-samarbeidet (Nordland fylkeskommune) og Lena Søderholm for Vestlandsrådet (VR/ Sogn og Fjordane fylkeskommune). Sistnemnde har forfatta/sakshandsama dette notatet.

I 2017 har Færøyane formannen og Grønland nestformann. Lena Søderholm frå Vest-Norge og Guðrún Gisladóttir frå Island er valt som medlemmar i arbeidsutvalet (AU). I Norge vekslar verva mellom VR og Nord-samarbeidet, slik at det no er VR som er representert i AU. Komiteen har to fysiske møte i året, og AU har i tillegg video- eller telefonmøte.

Sogn og Fjordane har no, som siste region, etablert ein kontaktperson for NORA. Dette er Dag Lothe som arbeider i stilling delfinansiert av Norges Forskningsråd, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

NORA sin nye strategi

NORA sin strategi for åra 2017-2020 har fire hovudtema:

- Ungdomssatsing
- Det agendasettande NORA; vil sjølve ta meir initiativ til samarbeid om felles problem
- Det allianseskapande NORA; utvikle alliansar med andre organisasjonar i Nord-Atlanteren

- Det prosjektstøttande NORA; utlysingar etter prosjekt to gonger i året. NORA har vanlegvis hatt omlag 5 mill. kr. årleg til prosjekt.

NORA-komiteen etterlyser fleire initiativ på utviklingsprosjekt frå Norge, då vi er under-representerte i tal søknadar.

Kva gjer NORA?

Strategiske initiativ

NORA tek initiativ til, og deltek i, strategiske prosjekt som bidreg til å styrke samarbeidet mellom dei fire landa i NORA-regionen. NORA arrangerer t.d. konferansar og initierer analyser med fokus på regionale problemstillingar.

Prosjektstøtte

NORA lyser ut og kan gje finansieringsstøtte til konkrete samarbeidsprosjekt (utviklings-prosjekt), som bidreg til å stø opp under dei måla som er omtalt i strategiprogrammet.

NORA bringer vidare relevant informasjon til den nordatlantiske offentlegheit. Dei legg ut eigne nyheitsartikler på NORA si heimeside og på Facebook og sender/legg ut månadlege nyhendebrev (har eigen konto på Facebook).

For nærmere informasjon, sjå heimesida: www.nora.fo

Inntrykk av NORA (vår representant)

Basert på to komitémøte:

Positivt overraska over kor mange felles utfordringar regionane i NORA har (t.d. skeiv demografi, sentralisering, store avstandar, mykje spreidd busetnad, barskt klima, trong for å utvikle løysingar som kan oppretthalde av viktige tilbod t.d. utdanning og helsestell, betre utnytting av marine ressursar, berekraftig turisme) og samkjensla i regionen synast stor. Vestlandet har nok mange gonger meir til felles med NORA-regionane enn mange av regionane kring Nordsjøen når det gjeld utfordringar med å vidareutvikle bu- og arbeidsplassar.

NORA er organisasjon som er godt kjend i dei andre landa, men ikkje i Norge. Vi kan – gjennom vår kontaktperson/sekretariat for Vestlandet – bidra til å auke kjennskapen til NORA og initiere fleire søknadar. Nora-samarbeidet har hatt kontaktperson gjennom fleire år. NORA må gjerast kjend som eit «verktøy» både for bedrifter i Vestlandsregionen og det politiske nivå. VR får ei årleg kort, skriftleg rapportering, men skal ein få ei god forankring av NORA på Vestlandet, bør organisasjonen også bli kjend for andre.

NORA er ein spanande organisasjon som tek opp i seg mange av dei utfordringane som er løfta fram som satsingsområde i dei fire Vestlandsfylka: Grøn energi, bioøkonomi, berekraftig turisme, IKT, Velferdstenester, maritim sikkerhet og beredskap. Både kompetanse-meklarar i VR og det marine samarbeidet innan næringsutvikling (VestMarin) kan spele ei rolle for å få fram prosjekt til finansiering i NORA. Slik kan NORA bli eit «nytt» verktøy i reiskapsskrinet til fylkeskommunane og ikkje noko som kjem i tillegg til det andre vi gjer innan regional utvikling.

Dette til fylkesutvalet si orientering.